

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	31.01.2017	005/17
Kommunestyret	09.02.2017	002/17

Saksbehandlar: Kjell Sindre Johansen	Arkiv: FA - M50	ArkivsakID: 16/1009-17/621
--	---------------------------	--------------------------------------

Strategi for Årim 2017 - 2025 Høyringsuttale frå Haram kommune

Framlegg frå Rådmannen:

Haram kommunestyre har ikkje merknader til strategien for ÅRIM 2017 – 2025 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområda.

Link til mottatt Strategidokument frå Årim

https://www.haram.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2016009491&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=15309&

31.01.2017 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-005/17 Vedtak:

Tilråding frå formannskapet:

Haram kommunestyre har ikkje merknader til strategien for ÅRIM 2017 – 2025 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområda.

09.02.2017 Kommunestyret

Bente Bruun, styremedlem i ÅRIM, gjekk frå som ugild jf. fvl § 6, 1. ledd e. Det var dermed 26 røysteføre i saka.

Haldor Lillebø, SP sette fram slikt framlegg:

Haram kommune meiner Årim ikkje bør innføre henteordning for matavfall slik det er skissert i strategidokument. Fyrst må ein få på plass miljø og kostnadseffektive

gjenvinningsløysingar i Møre og Romsdal før ein innfører henteordning på matavfall. Største potensiale i matavfall er å få innbyggerane til å kaste mindre mat, det er der den store miljøgevinsten ligg.

Svein Harsjøen,FRP sette fram slikt framlegg

Haram kommune meiner Årim ikkje bør innføre henteordning for matavfall slik det er skissert i strategidokument. Fyrst må ein få på plass miljø og kostnadseffektive gjenvinningsløysingar i Møre og Romsdal før ein innfører henteordning på matavfall. Største potensiale i matavfall er å få innbyggerane til å kaste mindre mat, det er der den store miljøgevinsten ligg.

Haram kommune ønsker ikkje innført separat innsamlingsordning for glass og metall no.

Haram kommune ønsker ikke bygging av anlegg som vil kome i konflikt med etablerte løysningar i Nye Ålesund no.

Etablering av/ending av fagmiljø og oppgåver må tilpassast etablering av Nye Ålesund kommune.

ÅRIM bør ikkje etablere eige næringssselskap no, men avvente å sjå kven som blir deltakarar i Nye Ålesund kommune.

Det vart røysta i rekkefølge. Formannskapet si tilråding fekk 6 røyster og fall. Framlegget sett fram av Svein Harsjøen fekk 6 røyster og fall. Framlegget sett fram av Haldor Lillebø,SP fekk 14 røyster og vart dermed vedteke.

KS-002/17 Vedtak:

Haram kommune meiner Årim ikkje bør innføre henteordning for matavfall slik det er skissert i strategidokument. Fyrst må ein få på plass miljø og kostnadseffektive gjenvinningsløysingar i Møre og Romsdal før ein innfører henteordning på matavfall. Største potensiale i matavfall er å få innbyggerane til å kaste mindre mat, det er der den store miljøgevinsten ligg.

Saksutgreiing:

Representantskapet i ÅRIM har sendt forslaget til ny strategiplan for perioda 2017 – 2025 ut på høyring til alle 12 eigarkommunar med høyringsfrist den 20. februar 2017.

EU har eit mål om at 50 % av kommunalt avfall skal gjenbrukast eller gjenvinnast innan 2020 med auke til 60 % i 2025 og til 65 % i 2030.

Strategiplanen som skal vere i tråd med EU sine krav for 2020, 2025 og 2030 er oppbygd rundt 5 hovudsatsingsområder:

Hovudsatsingsområde 1: Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk. ÅRIM vil innføre henteordning for matavfall og for glas- og metallemballasje, finne behandlingsløysing for matavfall og ettersortering av restavfall for å utvinne fleire resurssar.

Hovudsatsingsområde 2: Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø. ÅRIM vil ha meir av avfallet under bakken i til dømes avfallsbrønner. ÅRIM vil arbeide for å få krav om denne typen løysingar i flest mogleg nye utbyggingar, spesielt i sentrumsområda.

Hovudsatsingsområde 3: Mindre avfall – meir til gjenbruk. ÅRIM vil etablere eit tilbod om levering av produkt til gjenbruk på miljøstasjonane til dømes møblar, servise og bøker. Det er også aktuelt med tiltak mot marin forsøpling. ÅRIM opnar for å bruke overskotet frå innsamling og mottak av avfall frå verksemde til finansiering av innsamling og levering av avfall frå friluftsområde i regi av private personar, lag eller organisasjonar.

Hovudsatsingsområde 4: Betre kommunikasjon. ÅRIM vil fokusere på informasjon om ny kjeldesorteringløyning og haldningsskapande arbeid, særleg mot barn og unge.

Hovudsatsingsområde 5: Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon. ÅRIM vil redusere dobbelt arbeid i samarbeid med eigarkommunane gjennom å identifisere og effektivisere korleis oppgåver innan avfall og slam i større grad løysast på ein stad.

Selskapsavtalen for interkommunalt avfallselskap for Ålesundsregionen (ÅRIM). I følge § 3.1 skal ÅRIM utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.

Økonomiske konsekvensar:

Innføring av ny kjeldesorteringløyning er i strategiplanen vurdert til å gi ei auke i årsgebyret på kr 150.-

Vurdering:

Med innføring av tiltaka i strategiplanen vil abonnentane få fleire dunker til sortering av matavfall og glas- og metallemballasje. Innføring av utsortering av matavfall er naudsynt for å kunne nå EU-måla for 2020..

Det vil bli utsortert om lag 8.000 tonn matavfall som vil gå til bio-gassanlegg. ÅRIM og Søre Sunnmøre Reinholdsværk har gjennomført forprosjekt for å vurdere etablering av eit regionalt anlegg som kan produsere biogass og biogjødsel. Strategien og tiltaksplanen for ÅRIM 2017 – 2025 er god, ambisiøs og framtidsretta. For å oppnå gode miljø- og kostnadseffektive renovasjonsløysingar i heile regionen er det viktig at renovasjonssamarbeidet i heile regionen blir vidareført gjennom ÅRIM og dei andre interkommunale renovasjonsselskapa.

Rådmann

Kjell Sindre Johansen
Einingsleiar